

# BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik Nr. 2 2020



Juni 2020

Årgang 62

*Kyrkjebladet markerer 75. år  
med fred i landet og ynskjer  
alle lesarane God sommar!*

Opn mine augo, Herre,  
so eg kan betre sjå  
underet, ikkje berre  
avglansen utanpå.

Olav H. Hauge, «Glør i oska» 1946

Rossvoll, Olav H. Hauge sin heim, med utsikt over fjorden. Linjene på biletet er dei som står på gravsteinen til Olav H. Hauge.  
Foto: Steinar I. Bergo



## ULVIK OG EIDFJORD SOKN

### ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter  
Storøyeni 6, 5730 Ulvik

### Dagleg leiar/kyrkjevevjerje:

Willemina van Manen  
Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917  
kyrkjevevjerje@ulvik.kyrkja.no

### Barne- og ungdomsarbeidar

Jorunn Bergo Aarvik  
Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

### Kyrkjetenar:

Jan Arvid Gjørn, tlf. 954 69 903

### Ulvik sokneråd:

Leiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

### EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23  
5786 Eidfjord  
Telefon: 53 66 52 51

### Kyrkjevjerje:

Irene Viveli, irene@eidfjordkyrkje.no

### Organist:

Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

### Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

### Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

### Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

### SOKNEPRESTAR:

#### Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828

#### Ulvik:

Magnar Haaland, mobil: 415 46 366

#### Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten  
Telefon: 56 52 38 80

### REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjevjerje Irene Viveli, Wilma Bergman og Kjersti Næsheim. Kyrkjevjerje Willemina van Manen, soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem Stein-Arnold Hevrøy.

### Redaktør:

Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077  
steinar.bergo@ulvik.org

### KONTONUMMERET TIL KYRKJEBLADET

3530 31 60378

Bladpengar	kr 200,-
Utanbygds	kr 300,-
Utanlands	kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til Kyrkjebladet. Me får korkje kommunal- eller coronastøtte.

**Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!**



**Kyrkjebladet utfordra Wilma Bergman frå redaksjonen i Eidfjord til å koma med nokre tankar frå sin ståstad. Ho har tidlegare jobba i barnehagen, men er no tilsett i barneskulen. Wilma skriv om å tena. Ho tek utgangspunkt i Bibelen, deler tankar frå arbeidet med born og sluttar med korleis me skal tena kvarandre for å gjera verda til ein betre stad.**

"Da reiser han seg fra måltidet, legger av seg kappen, tar et linklede og binder det om seg. Så heller han vann i et fat og begynner å vaske disiplenes føtter. (...) Forstår dere hva jeg har gjort med dere? Når jeg som er Herren og mester har vasket deres føtter, da skylder også dere å vaske hverandres føtter. Jeg har gitt dere et forbilde. Slik jeg har gjort med dere, skal også dere gjøre." (Johannes 13:4-17). Jesus knelte foran disiplene sine og tjente dem. Vi skal tjene hverandre!

At vi skal elske andre som vi elsker oss selv, at vi skal hjelpe, støtte og ta vare på hverandre, er en tanke som står nær hjertet mitt, og som ofte dukker opp i hverdagen min. Jesus sitt forbilde minner meg om det, samt med fortellingen om Maria som kneler foran Jesus, salver føttene Hans og tørker dem med håret sitt. Hun også kneler og viser at hun er tjeneren, og at han er Herren og Mesteren hennes.

Opprinnelig kommer jeg fra Nederland. I mars 2008 flyttet jeg til Norge, sammen med kjæresten min Timo. I løpet av sommeren begynte jeg å jobbe i barnehagen, og etter noen år ble jeg ansatt på skolen her, hovedsaklig på barne-trinnet med de minste barna. Mange ganger har jeg gått på kne for å knytte skolisser eller å dra buksestrikker under hæler, men som oftest for å kunne se barna i øyene, lytte til dem, for å snakke med dem, forstå dem eller trøste dem. Voksne som jobber med barn, kneler foran dem for å kunne gi dem den kjærligheten, omsorgen og støtten de trenger for å kunne føle seg trygge på seg selv i denne verden. Slik kan de være seg selv, med sine egne personligheter og talenter. Hvert barn med samme lys i øyene, men likevel så underbart forskjellig fra hverandre.

Der er en gave å kunne jobbe med barn. Barn er spontane, kreative og ærlige. De lever i nuet og er ennå ikke påvirket av samfunnets press og premisser. For å komme inn i Guds rike, må man bli som barn... Det er mye vi kan lære av barn.

Vi er her for å tjene hverandre, vår familie, venner, kolleger, samfunnet... Vi sammen gjør verden en god sted å være, vi sammen gir livet mening gjennom kjærligheten. Den kjærligheten Jesus viste sine disipler og til oss alle.

**Ta godt vare på hverandre, Wilma**

# KORONAKRISA – TID FOR Å ENDRA VÅR MÅTE Å LEVA PÅ?

**Verda, landet og bygdene våre har gjennomgått ei litt uverkeleg tid med heimekontor, heimeundervisning og fysisk isolasjon. Det har synt kor sårbare menneska er, og fått oss til å tenkja litt annleis på både liv og levemåte.**

Isolasjonen og fysisk avstand har ført til kreativitet på den måten at me må og har utvikla andre arenaer for kontakt. Elektronisk kommunikasjon har fått ein ny og viktigare dimensjon ved at me både ser og høyrer kvarandre på nye måtar. Åleine er nødvendigvis ikkje åleine, dersom du har nokon å kontakta eller nokon som kontaktar deg. På mange vis har det fått oss til å sjå andre verdiar enn pengar og ting. Rikdommen er vorten det me ikkje kan kjøpa for pengar: Omsorg, vennskap, helse og levedagar! I eit rikt land der kapitalen styrer både utvikling og verdiar, har dei menneskelege kvalitetane gjerne blitt ein mangelsjukdom.

Det vart ein stille påske! Dei fleste kjenner vel til innhaldet i påskedagane. Men sidan undervisninga lenge har føregått på nett, og eg ikkje har fått vera med, har eg lyst til å koma med eit par fakta: Me høyrer om «påskelam». Jødane var i slavar i Egypt, og Farao ville ikkje gje dei fri. Gud hadde sendt mange landeplager over Egypt. I den tiende skulle alle førstefødde døy. For at israelittane skulle verta berga, hadde dei fått beskjed frå Gud om å slakta lam, og blodet skulle målast på dørene til jødane. Det skulle vera eit teikn om at dei dørane med blod på, skulle landeplaga fara forbi. Påskelammet er eit minne om utferda frå Egypt. På latin heter det exodus og på gresk exodos. «Syndebukk» vert ofte brukt om nokon som må bera skula for andre. Omgrepet skriv seg tilbake til den årlege tradisjonen der prestane ved tempelet jaga eit lam ut i ørkenen. Det skulle sona for folk sine synder. I dag kan ein sjå det som eit bilete på Jesu død. Påsken vart annleis enn me er vane med, men på ulike vis nådde kyrkjer og prestar fram på digitale måtar. Når dette bladet går i trykken, er pinsen over også. Men Jorunn Bergo Aarvik gjev oss nokre tankar om pinsen som kan lesast i etterkant, og kan gje lærdom og inspirasjon til å feira pinsen i framtida.

Det er mange meiningar om politikarane som har styrt landet dei siste åra. Men i handteringa av koronakrisa har dei

stått fram som tydelege leiarar og synt andre verdiar enn dei økonomiske og materielle. Det er å vona at me alle må ha lært noko av denne krisetida, og at det kan føra til varige endringar i tenkemåte og handling. Koronakrisa har synt at det er ikkje oss og dei lenger. Det som skjer på godt og vondt, har betydning for alle på jorda. Tankane går til små og store både i bygdene, landet vårt og resten av verda, med ynskje om liv og helse! Lat oss dela på goda og ta vare på kvarandre på heile kloden vår.

**God sommar!!  
(Redaktøren)**

## Tung tids tale

Det heiter ikkje: eg - no lenger.  
Heretter heiter det: vi.  
Eig du lykka så er ho ikkje lenger berre di.  
Alt det som bror din kan ta imot  
av lykka di, må du gi.

Alt du kan løfte av børa til bror din,  
må du ta på deg.  
Det er mange ikring deg som frys,  
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Hender finn hender, herd stør herd,  
barm slår imot barm.  
Det hjelper da litt, nokre få forfrosne,  
at du er varm!

*Halldis Moren Vesaas 1945.*

# KYRKJA OG KRIGEN – TANKAR VED FREDSJUBILEET 2020

## 8. mai var det 75 år sidan Noreg igjen opplevde fred etter fem år med krig.

Nokre stikkord om krigen: Noreg var angripe av Hitler den 9. april 1940. Ulvik vart bomba og brend ned den 25. april. Tre personar brann inne på aldersheimen, og ein soldat omkom som fylgje av fangenskap. Kongen og regjeringa klarde å røma til England og styrde landet derifrå. I motsetnad til Danmark ytte norske soldatar motstand eit par månader, trass i dårleg utstyr. Den største bragda var senkinga av Blücher i Oslofjorden. Det seinka overtakinga av makta i hovudstaden. Seinare overtok Terboven styringa i lag med NS og Quisling. I gjennomsnitt var 300 000 tyske soldatar stasjonerte i Noreg for å byggja «Festung Norwegen», eit festningsverk mot Storbritannia og dei allierte. Alt var ikkje så svart – kvitt som me likar å tru. Det var mange motstridande meiningar i starten, mange tok seg arbeid hjå tyskarane, bedrifter samarbeidde, og mykje gjekk som før. Tyskarane bygde vegar, kraftverk, smelteverk, jarnbanar og flyplassar. Motstanden auka etter kvart som tvangsarbeid og villkårleg rettgang greip om

seg. Frå England gjekk kampen mellom Noreg og Tyskland vidare under heile krigen. Den norske flåten, norske fly og oppbygginga av ein hær vidareførde krigsinnsatsen.

Nazistane, Therboven og Quisling, prøvde å få kontroll over ulike organisasjonar ved å tvinga dei til medlemskap i NS. Lærarane nekta å lyda og vart sende til Finnmark. Men sidan dette er eit kyrkjeblad, er det naturleg å sjå på kva som vart gjort med og av prestane. Biskopane sitt brev til kyrkjelydane i februar 1941 er vorte kalla «Hyrdebrevet». Dei er uroa over kva styresmaktene under okkupasjonen gjer med folket.

Me har valt å kutta litt i tekstane, for færrest mogeleg skal hoppa over dette historiske minnet om kyrkja si rolle under 2. Verdskrigen. Dei som ynskjer teksten komplett, kan venda seg til redaktøren for fullversjon.

---

### *Hyrdebrev til våre menigheter fra Den norske kirkes biskoper*

**[Forord]** Med takknemlighet kan vi peke på at kirken og alle kristne samfunn og organisasjoner stort sett har kunnet fortsette sitt åndelige arbeid til denne tid. Det har likevel etter hvert kommet fram en stadig økende uro og engstelse ved det som går for seg i vårt folk. Kan kirken rolig se på at Guds ordninger blir satt til side og meget skjer som oppløser orden og rett? Etter nøye samråd med andre kristne menn, har biskopene den 15. januar 1941 vendt seg til sjefen for Kirke- og Undervisningsdepartementet med en saklig dokumentert fremstilling.

### **Til**

**sjefen for Kirke- og Undervisningsdepartementet,  
kst. statsråd R. Skancke.**

Etter kirkens bekjennelse står kirken i forhold til en rettsstat, idet staten ved sine organer forutsettes å opprettholde den rett og rettferdighet som er en gudvillet ordning. Norges grunnlov fastslår at «Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion». Det er da nødvendig og vesentlig for kirken å være klar over om staten, som også har med de kirkelige anliggender å gjøre, aksepterer og føler seg bundet av de retts- og moralforpliktelser som kirkens trosgrunnlag, Bibelen og bekjennelsen, inneholder. Dette er nødvendig ut fra kirkens hele vesen. Det har derfor vært av den største betydning at kirkens tilsynsmenn under de forhold som har utviklet seg etter 9. april, har kunnet vise til at retten ble opprettholdt, både som folkerett og som statlig ordensrett. I flere rundskriv har biskopene fremholdt dette - således Oslo biskop i et utførlig sirkulære «Det midlertidige og det evige» av juli 1940, og hver av biskopene i rundskriv i oktober-november. Senest er det uttalt i et rundskriv tiltrådt av alle biskoper, datert 15. november, hvor det heter at «våre lover står ved makt, og at det er tilsagt dem respekt fra alle myndigheter». Det er unødig å fremholde at dette for kirken ifølge dens bekjennelse er et grunnleggende forhold, som til enhver tid må bestemme kirkens holdning. Kirkens tilsynsmenn har også hatt full grunn til å gi den nevnte orientering til prester og menigheter i disse spørsmål, da den grunnleggende Führer-forordning av 24. april er i full overensstemmelse med folkeretten, og Reichskommissar i sin tale den 1. juni ga tilsagn om den i Haagerlandkriksordningens § 46 hjemlede religiøse frihet, og videre i sin forordning av 28. september fastslo at domstolenes uavhengighet skulle forbli urørt. I den siste tid er det imidlertid kommet opp en rekke alvorlige tvil om holdbarheten av det som biskopene således har fremholdt for kirkens lemmer. Vi er stillet overfor det spørsmål om staten ved sine organer vil opprettholde orden, rett og rettferdighet slik som vår kirkes bekjennelse forutsetter. Det foreligger vesentlig tre forhold som uvilkårlig må settes i forbindelse med hverandre, - og som er blitt oppfattet derhen at voldsopptreden ikke hindres, men snarere tillates, og at man samtidig har ment å se tegn til at selve rettsvesenet oppløses i sine grunnleggende faktorer. Konkret uttrykt er uroens årsak først hirdens programatiske voldsfremferd, dernest den samlede Høyesteretts tilbaketreden, og sist, men ikke minst, inngrepet i prestenes sjelesørgeriske taushetsplikt.

Disse forhold foreligger dokumentarisk (se bilag), og skal her bare kort resumeres.

1. *Hirdens overfall på Oslo Handelsgymnasium den 30. november 1940, hvor også lærere og direktør ble slått ned og sterkt mishandlet, var i seg selv alvorlig nok. Det allarmende ved begivenheten ble forsterket ved den programparole som samme morgen var gitt i partiets offisielle organ, og hvor det bl. a. het: «Vi slår igjen, så de skal miste både syn og hørsel .... Hirdmenn! Slutt rekkene!*
2. *Det annet forhold, som uvilkårlig er satt i forbindelse med det foregående, knytter seg til den utrygghet som oppstår også for kirkens medlemmer derved at den samlede Høyesterett har nedlagt sitt verv. Høyesterett slår fast (se bilag), at Justisdepartementets forordning av 14. november, hvorved departementets sjef får myndighet til å stryke og å oppnevne lagrettemenn, domsmenn og rettsvitner, betyr et inngrep i rettslivet som er i åpenbar strid med anerkjente rettsprinsipper, noe som vil få de mest skjebnesvangre følger for rettslivet, idet domstolenes uavhengighet er av grunnleggende betydning for rettsikkerheten, og er fastsatt i grunnloven.*
3. *Dypt inngripende i prestens gjerning er den nylig offentliggjorte forordning fra Politidepartementet (datert 13. desember 1940) hvoretter den tjenestlige taushetsplikt for prester kan oppheves av Politidepartementet. Vår taushetsplikt er ikke bare fastsatt ved lov, men har alltid vært en grunnbetingelse for kirkens og prestens gjerning når en skulle øve sjelesorg og motta skriftemål fra mennesker i nød. Det er en ufravikelig betingelse for denne kirkens gjerning at et menneske kan ha full og ubetinget tillit til at presten er uløselig bundet av sin taushetsplikt - slik som denne har vært utformet både i norsk lovgivning og i kirkens ordninger til alle tider og i alle kristne land. Å oppheve dette samvittighetenes Magna Charta er et inngrep i livsnerven for kirkens gjerning, et inngrep som får en dypt alvorlig karakter derved at forordningens § 5 fastsetter at Politidepartementet kan la vedkommende prest fengsle for derved å fremtvinge forklaring, uten at dette har vært forelagt domstolen. Sammen med andre viktige forhold som vi ikke her berører, har alt det anførte tvunget oss til å rette denne forespørsel til Kirkedepartementet om klarhet, idet vi er forvisset om å møte forståelse for alvorret i vår situasjon.*

**- Brevet er underskrevet av alle biskoper.**

*[Merknad] Etter at det var gått 14 dager, søkte etter oppdrag av alle kolleger, de tre biskoper Berggrav, Støren og Maroni foretrede for den konstituerte statsråd for å understreke henvendelsens alvorlige karakter og for å spørre om den kunne ventes besvart. Ved den samtale som da fant sted, kunne biskopene ikke finne at de fikk noen oppklaring som avsvirket det som de hadde anført. Tre dager senere innløp følgende skrivelse til bispekollegiet fra kst. statsråd Skancke, datert 1. februar:*

**Til Bispekollegiet i Den norske Kirke. ad. skrivelse den 15. f. m.**

*I et intervju i oktober f. å. uttalte jeg til Kristelig Pressekontor på dets spørsmål om det nye statsstyres forhold til kirken og hvilke planer en hadde på dette område, bl. a. følgende: «Vi har ingen planer ut over det som er uttrykt i programmet: at kristendommens grunnverdier skal vernes. Vi håper og tror at kirken og dens menn har tillit til oss når vi sier dette. Vi akter ikke å røre ved kirken. Den trenger arbeidsro i disse vanskelige tider. . . . » Denne uttalelse er fremdeles gjeldende. Det har så vidt jeg vet intet skjedd i de forløpne måneder som kan berettige til å si at staten har grepet inn i kirkens frihet til å forkynne evangeliet i overensstemmelse med Guds ord og kirkens bekjennesskrifter og å være og handle som en menighet. Nasjonal Samlings motto er: Orden, rettferd, fred. Det er det nuværende statsstyres mening så vidt det er mulig å realisere dette motto i hele vårt statsliv. At det under den nuværende nybrotts- og gjæringstid hvor så lite skal til for å bringe sinnene ut av likevekt kan forekomme ting som ikke burde skje, kan være forståelig, men er ikke desto mindre å beklage. Når klare beviser for slike foreligger, blir de påtalt også når det gjelder partifolk. Hva de i skrivelsen angivelige konkrete tilfeller av overgrep angår, vil disse bli oversendt Justisdepartementet henholdsvis Politidepartementet til videre behandling. Hva det i punkt 2 anførte angår, så kan biskopene være forvisset om at selv om nyordningen også i noen grad må omfatte vårt rettsvesen, så har statsstyret ikke tapt av sikte å bevare rettsikkerhet og orden innen vårt folk. Hva angår Politidepartementets forordning av 13. desember f. å. vedrørende bl. a. prestenes vidneplikt, bemerkes at prestenes taushetsplikt heller ikke før 13. desember 1940 var absolutt. Det foreligger som bekjent flere nærinere angitte tilfeller hvor taushetsplikten ikke er gjeldende. Denne siste forordning må ses som en ny reservasjon i taushetsplikten og har ikke til hensikt å oppheve denne i sin alminnelighet. Kirkens biskoper kan også være forvisset om å møte forståelse i den nuværende situasjon. Men så må de også på sin side møte den nye statsordning og det nuværende statsstyre med forståelse. Det er ikke bare kirken som nu trenger arbeidsro til å utføre sitt arbeid. Det trenger også staten. Det må på det innstendigste advares mot at det fra kirkens side foretas handlinger som øker uroen innen vårt folk. En ubesindig opptreden nu kan komme til å få de alvorligste følger for kirken. Nu som før trenger kirken staten for å kunne være en virkelig folkekirke, og staten trenger kirken for å kunne opprettholde orden, rettferd og fred. Stat og kirke hører sammen i tjeneste for det dem betrodde folk. Det henstilles til kirkens biskoper og gjennom dem til Den norske kirkes prester å legge all godvilje til slik at dette samarbeide kan lykkes best mulig. En skal med det samme få be om at rundskriv fra biskopene til prester eller menigheter må bli tilstillet departementet i 3 eksemplarer.*

**R. Skancke.**

**Sign.**

### [Kommentar til spørsmålet om taushetsplikt]

Denne skriftveksel finner vi at våre menigheter bør få kjennskap til og skal bare om det punkt hvor det i den konstituerte statsråds brev er anført en saklig innvending, opplyse at spørsmålet om taushetsplikten var fremme ved den omtalte personlige konferanse. Biskopene pekte da på at de fra alders tid gjeldende selvfølgelige unntagelser fra den absolutte taushetsplikt, er en del av den lovlige ordning av denne plikt. De gjelder de sjeldne fall da en prest kan være forpliktet til å forklare seg om en betroelse for derved enten å avverge en grov forbrytelse som noen har i sinne å begå, eller for å hindre at noen blir uskyldig straffet. - Det overveldende nye - fremholdt vi - ved forordningen av 13. desember 1940 er dette, at taushetsplikten skal kunne forlanges brutt når politiets øverste administrasjon krever det av hensyn til viktige statsinteresser, og at det endog blir truet med fengsling for i tilfelle å tvinge presten til å bryte sitt løfte. For øvrig finner biskopene å måtte fremheve det vi anførte i et skriftlig Promemoria som ble levert statsråden under den personlige konferanse 29. januar. Dette lyder slik:

I den annen trosartikkel bekjenner de kristne Jesus Kristus som sin Herre, helt og ubetinget. Denne lydighetsplikt står for kirken over alt annet. Det statlige, politiske og administrative apparat vedkommer oss ikke som sådant. Bare hvis det skjærer inn i vårt lydighetsforhold til Kristus, blir vi uvilkårlig engasjert. Som Luther sier: «Det verdslige regiment har lover som ikke strekker seg lenger enn til liv og gods og det som er utvortes i verden; over sjelene kan og vil Gud ikke la noen regjere uten han selv alene.» med rene ord: «Kirken menger seg ikke i verdslige ting når den formaner øvrigheten til å være lydige mot den øverste øvrighet som er Gud.»

Når samfunnets øvrighet tillater vold og urett og øver press på sjelene, da er kirken samvittighetenes vokter. En menneskesjel betyr mer enn den hele verden. Derfor har kirkens biskoper lagt på statsrådets bord enkelte av de kjensgjerninger og offisielle kunngjøringer angående den samfunnsmessige styring i den senere tid, som kirken finner stridende mot Guds lov, og som gir inntrykk av at det er revolusjonære tilstander i landet og ikke en tilstand av okkupasjon hvorunder lovene skal opprettholdes så langt det ikke direkte er uforenlig med okkupasjons-forholdet.

Kirken er ikke staten. Og staten er ikke kirken. I det ytre kan statsmakten søke å øve tvang mot kirken, men kirken er et åndelig og suverent samfunn bygget på Guds ord og fellesskapet i troen. Kirken har i all sin menneskelige skrøpeligheit Guds kall og fullmakt til å forkynne hans lov og hans evangelium for alle folk. Derfor kan kirken aldri tie der hvor Guds bud blir satt til side og synden trer fram. Her står kirken urokkelig og kan i denne sin egenart ikke bindes av noen statsmakt.

Ut fra dette vårt kall formaner vi samfunnets styrere til å gjøre slutt på alt som strir mot Guds hellige ordninger, angående rett, sannhet, samvittighetsfrihet og godhet, og til å bygge ubrytelig på Guds livslov.

Likeså formaner vi i vår forkynnelse vårt folk til å avstå fra vold og urett. Dette gjelder like sterkt oss selv som alle parter i en samfunnsstrid. Hver den som dyrker hat eller provoserer fram det onde, står under Guds dom. Skriften sier: Gjengjeld ikke ondt med ondt, men overvinn det onde med det gode. Over oss alle står Han som er sjelenes Herre. Det gjærer i samvittighetene i våre menigheter nå, og vi kjenner det som vår plikt å la statens menn klart få høre kirkens røst.

**Eivind Berggrav. J. Støren. J. Maroni. Andreas Fleischer. Gabriel Skagestad. Henrik Hille. Wollert Krohn-Hansen.**

Dette brev blir sendt til prestene som besørge for at det kommer videre til menighetsrådene. Det er ønskelig at innholdet på beste måte blir gjort kjent for menigheten.

### Frå Salme II

Gud signe vårt dyre fedreland  
og lat det som hagen bløma!  
Lat lysa din fred frå fjell til strand  
og vetter for vårsol røma!

Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma!

Elias Blix (1836-1902)





## Advarsel til befolkningen i Sarpsborg og omegn.

*Fra rikshirdsveit nr. 1.*

De forsøk på passiv organisert motstand vi i den siste tid har konstatert i distriktet, og som under møtet søndag bidrog til sammenstemmlinger og urveitig opptreden av barn i alle aldre fra 10 til 60 år, vil nu ikke lengere bli tålt. Etter at London-kringkasteren offisielt har redegjort for hvilken demonstrativ og provoserende hensikt de små papirklemmer anbragt i jakkeopslaget eller kåpen har, meddeler jeg herved at enhver som blir påtruffet med slike merker herefter uten hensyn til person blir arrestert. Provokasjoner eller tiltrækning av vår Fører vil ikke bli tålt.

Sarpsborg den 18. november 1940.

**GUNNAR LIE**  
Sveitfører.

Binders i jakkeslaget var ein måte å visa samhald på. «Me held saman»! Det vart forbode, som utklippet til venstre viser. Kanskje me treng 7 milliardar binders i dag?

# EINSAMT ARBEID

Kyrkjelydane boikotta gudstenester haldne av NS-prestar. Dette biletet av en NS-prest som forrettar for berre ein tilhøyrar ein stad i Noreg, blei teke i smug og smugla ut av landet.

Etter at over 90 % av presteskapet hadde lagt ned embeta sine i protest våren 1942, freista NS-styresmaktene å halda ved like ei statskyrkjeordning. Den store mangelen på NS-lojale prestar og dårleg oppslutning frå kyrkjelydane gjorde dette til ei vanskeleg oppgåve. NS-staten dreiv eit langsiktig planleggingsarbeid for å byggja opp ei NS-kyrkje basert på lojale medlemmer. Ei rekkje omorganiseringar og lovendringar vart gjennomførde. Landet vart inndelt i 10 bispedømme mot tidlegare 7. Samtidig var det mangel på gode bispeemne. Sommar og haust 1942 vart 4 biskopar ordinerte. Dei andre NS-biskopane vart ikkje ordinerte, men fungerte i embeta krigen ut. Deretter begynte arbeidet med å skaffa lojale prestar til kyrkjelydane. Den norske kyrkja hadde 745 prestetenester, og NS-kyrkja hadde på det meste om lag. 60 prestar til rådvelde. For å styrkja rekrutteringsgrunnlaget vart det innført ei lov 7.4.1942 som gav høve til å utnemna kvalifiserte lekmenn utan teologisk embetseksamen til geistlege embete. Det viste seg likevel vanskeleg å finna nok prestar også på desse premissane. Fram til frigjeringa vart 32 prestar ordinerte på dette grunnlaget. For å fylla dei tomme stillingane fekk ein prest ha fleire prestestillingar.

Det ser alltid annleis ut når du er i stormen enn når du har lagt til land. Det er lettare å vurdera situasjonen etterpå. Slik er det for oss når me vurderer krigen 80. år etter. Men det er ei klar grense mellom å misforstå ein situasjon og det å gjera andre vondt! Det finst gode og vonde på begge sider i ein krig, og uskuldige lid over alt. Det er viktig å formidla erfaringane og lærdommane til nye slekter. «Den som ikkje vil læra av historia, må leva henne om att», heiter det. Er det lærdommar frå «vår krig» som kan brukast til hjelp for dei som opplever krig i dag?



Nazigudsteneste med berre ein tilhøyrar. Foto: Frå ein stad i landet.

Kollektiv skuld hadde me nordmenn som tillet at 773. jødar vart arresterte og sende til Auschwitz; der berre 38. kom frå det med livet. Handsaminga av dei såkalla «tyskar-jentene» er ein annan skamlepp på Noreg etter krigen.

Alle har noko å læra eller å gjera betre!

# BISKOPANE STÅR IGJEN FRAM OG MINNER OM RETT OG RETTFERD

Onsdag 15. april 2020 publiserte Den norske kyrkja eit opprop signert alle biskopane i Den norske kyrkja, der dei ber regjeringa redde ut barn og barnefamilier fra Moria-leiren på Lesbos.

«Noreg må vera med på dugnaden med å ta imot einslege mindreårige og barnefamilier frå Moria-leiren på Lesbos», skriv dei i uttalen, og ber regjeringa om at Noreg er med på å evakuera barnefamilier og einslege mindreårige frå Moria-leiren. Dei viser vidare til at Tyskland og Luxembourg har henta ut nokre, og meiner Noreg bør føya seg i rekkja. Også kirkerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum, Kristine Sandmæl, leiar i Mellomkirkelig råd for Den norske kirke, og Erhard Hermansen, generalsekretær i Norges kristne råd, har skrivne under på oppropet.

Det er ulike meiningar om denne saka i ulike politiske parti, og nokon vil kanskje hevda at kyrkja driv politikk. Men kyrkja er styrt av ein etikk og moral som alltid viser omsorg og omtanke for dei naudlidande og svake. Under krigen kjempa kyrkja for lov og rett i Noreg. I 2020 kjempar biskopane for mindreårige i Morialeiren sin rett til eit trygt og godt liv.



Bispekollegiet i Den norske kyrkja.  
Foto: Joakim S. Enger. Vårt Land. Løyve frå avisa.

## KORLEIS FEIRAR DU PINSE? Åtte tips til barnevenlege pinse-tradisjonar!

Det er kanskje ikkje så rart om tilfeldige forbigasserande på gata flakkar med blikket når journalistar frå lokalavisa vil vite kvifor me feirer pinse. Sjølv for gamle kyrkjetravarar kan det vera utfordrande å forklare bakgrunnen for denne høgtida.

Av: Jorunn Bergo Aarvik

Problemet med pinsen er ikkje at den er så abstrakt. Tvert imot er pinseforteljninga full av fargerike detaljar og sterke sanseintrykk. Utfordringa er vel heller at høgtida er så innhaldsrik at det kan vera vanskeleg å femna alle dimensjonane.

Pinseforteljninga finn me i Apostelgjerningane 2,1-41: Ti dagar etter at Jesus vart teken opp til himmelen, er læresveinane samla i Jerusalem for å feire pinse. Den jødiske pinsen var både ein haustfest som markerte at kornet var i hus, og ein fest til minne om då jødane fekk dei to lovtavlene ved Sinaifjellet. Brått vert huset fylt av noko som minner om kraftig vind, og eldtunger set seg på kvar av læresveinane. Dei vert fylte av Den heilage ande, og byrjar å forkynne på framande språk. På grunn av pinsefesten, er jødar frå Asia, Europa og Afrika samla i Jerusalem. Og kvar av dei tilreisande konstaterer

med undring at desse ulærde galilearane talar på deira eige morsmål. Så står Peter fram og siterer profeten Joel, der det heiter at Gud ein dag vil late sin Ande ause ut over alle menneske. Det er dette som no går i oppfylling framfor augo på dei. Slik jødane fekk overlevert Guds ord ved Sinaifjellet 1200 år tidlegare, vert evangeliet no gjort tilgjengeleg for alle dei framandspråkelege pilgrimane pinsedag. Tre tusen tek imot kallet til omvendning og let seg døype, og dermed er den kristne kyrkja etablert. Pinsen vert med rette omtala som kyrkja sin fødselsdag. Samstundes har altså pinsen djupare historiske røter som me godt kan ta med oss. Kanskje kan me la oss inspirere av den jødiske tradisjonen med å feire overleveringa av Guds ord? I Norge gjer me ære på grunnlova vår når me kvar 17. Mai steller i stand fest. Pinsedag er på ein måte den kristne kyrkja sin grunnlovsdag, der me minnest overleveringa av lov-tavlene på Sinaifjellet. Bursdag og grunnlovsdag på same tid, altså. Det er vel verd ei skikkeleg feiring!



## 1: LAG FRUKTSALAT!

For jødane var altså pinsen også ein innhaustingsfest, der ein feira at fyrstegrøden var berga i hus. På våre breiddegrader kjennest det underleg å skulle feire ein haustfest på forsommaren. Likevel har denne dimensjonen av pinsen noko verdifullt over seg. I 1. korintarbrev 15,20 kan me lesa at Jesus er vår fyrstegrøde. Kanskje er dette vanskeleg tilgjengelig for dei minste borna. Men det kan likevel vera ein fin tradisjon å markere pinsen med ein skikkeleg fruktsalat. I Galatarbrevet 5,22 finn me ei opplisting av Andens frukter: kjærleik, glede, fred, tolmot, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin. Finn ni ulike fruktslag, og lat kvar av fruktene symbolisere ei av Den heilage anden sine frukter. Lat borna delta i oppkuttinga av fruktene, og gled dykk over dei søte smakane!

## 2: TENN RAUDE LYS!

I kyrkjeåret har alle sundagar og høgtidsdagar sin farge. Pinsen har same farge som elden. Finn fram juleduken, og pynt med raude stearinlys. Spør gjerne borna kvifor dei trur raudt er pinsen sin farge.

## 3: LES BIBELEN!

Les pinseforteljinga i Apostelgjerningane 2 saman med borna. Samanlikn gjerne teksten med forteljinga frå Sinaifjellet i 2. mosebok 19. Er det noko som er likt? Kva er ulikt? Kvifor heng desse to bibeltekstane saman?

## 4: LAG EIN SKIKKELEG BURS DAGSFEST!

Kva med å skjere platesjokoladekaka ut som eit kyrkjebygg? Eller la kakelysa symbolisere eldtungene på hovudet til disiplane?

## 5: BRENN PINSEBÅL!

Nokre stader i landet er det framleis vanleg å tenne pinsebål. Dette er ein vakker tradisjon, så sant ein ikkje set fyr på omgjevnadane sine. Brannforeskriftene våre opnar for at det kan tennast bål i sommarhalvåret «der det åpenbart ikke kan medføre brann».

## 6: FEIR BIBELEN!

Den jødiske pinsen vert kalla shavuot, og vert innleia med ei vakenatt. Denne natta bruker jødane til å studere og samtale om dei gamaltestamentlige skriftene. Kanskje kan me late oss inspirere, og bruke pinsen til å løfte fram Bibelen? Gjer bibelesing til ein lystbetont fellesaktivitet for heile familien! Treng du inspirasjon, kan du sjekke ut nettsida til israelsmisjonen:

<https://www.israelsmisjonen.no/artikkel/article/153669>  
eller [bibel.no: https://www.bibel.no/InspirasjonMeditasjon/Aktiviteter-og-materiell/Bruk-Bibelen](https://www.bibel.no/InspirasjonMeditasjon/Aktiviteter-og-materiell/Bruk-Bibelen)

## 7: DELTA I EI ØKUMENISK GUDSTENESTE!

Pinsen minner oss om at alle kristne høyrer saman i ei verdsvid kyrkje, i kraft av Den heilage ande. Mange stader går dei ulike kyrkjesamfunna saman om å arrangere økumenisk gudsteneste 2. pinse-dag. Sjekk om det skjer noko der du befinn deg.

## 8: PYNT MED EI DUE!

Den heilage ande vert ofte symbolisert med ei due. På nettsida [pinterest.com](https://www.pinterest.com) finn du eit utal hobbyidear til korleis du kan lage ei due eller annan pinsesymbolikk. Bruk gjerne engelske søkeord, som «craft for kids», «pentecost», «dove» og «holy spirit»

Ha ei velsigna pinsehøgtid!



Jorunn Bergo Aarvik er opprinneleg frå Ulvik i Hardanger, og bur i Bergen med mann og barn. For tida jobbar ho som barne-og familiekonsulent i NLM Ung.  
Foto: Privat.



## FASTEAKSJON I ULVIK OG EIDFJORD 2020

**Ulvik og Eidfjord har bidratt til at 93 menneske får tilgang til reint vatn.**

Konfirmantar og andre frivillige bøsseberarar i Ulvik og Eidfjord var klare til å gå frå dør til dør, for å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Men aksjonen og innsamlinga i år blei digital som følgje av koronakrisa.

Digital Fasteaksjon Ulvik: Totalt innsamla kr 10.955,- Dei innsamla pengane gir tilgang til reint vatn for 55 MENNESKE.

Digital fasteaksjon Eidfjord: Totalt innsamla kr 7.510,- Dei innsamla pengane gir tilgang til reint vatn for 28 MENNESKE.

Tusen takk for at du bidrog!

Historikk Ulvik sokn    Historikk Eidfjord sokn


2019 kr 18.241,-    2019 kr 21.119,-

2018 kr 16.970,-    2018 kr 24 324,-

## Fargelegg!

Jona blei kasta over bord frå ein båt, og blei slukt av ein kval!


Teikning: Chiara Bertelli



## Hjelp Jona ut av kvalen!

Kan du hjelpe Jona å finne vegen ut?


Teikning: Chiara Bertelli



## Finn 5 feil

Teikning: Chiara Bertelli

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement

på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller **22 08 71 00**



Gamle Tobias  
hadde køyrt bil i alle  
år. No hadde han fått  
seg nye briller, og kom  
skjelvande heim til kona.  
– Før eg fekk desse  
brillene gjekk alt så bra  
i trafikken. Men no  
kjem jo bilene frå  
alle kantar!

## VITSAR

Det var  
haust i Edens  
hage. Plutseleg  
kom eit fikenblad  
virvlande i vinden.  
– Sjå Adam, ropte  
Eva. – Ein usynleg  
mann!

# JONA



Denne mannen heiter Jona. Han liker Gud veldig godt. Ein dag sa Gud til han: «Gå til storbyen Ninive. Sei at dei skal slutte å gjere slemme ting.»

Men Jona blei redd. Han vil ikkje til Ninive. Tenk deg om dei ikkje trudde han og blei slemme mot han?

Jona bestemte seg for å flykta frå Gud. Han betalte tre menn for at dei tok han med seg på båten sin. Jona trudde han kunne gøyme seg for Gud på båten. Men dette gjekk ikkje bra.




Plutseleg kom det opp ein heftig storm. Båten blei slengt til alle sider. Mennene på båten blei kjemperedde. Dei ropte til Gud: «Hjelp oss. Me vil ikkje drukne.»

Då skjønnte Jona at stormen var på grunn av han. At Gud hadde funne han og er sur på han.

Jona sa til dei andre: «Gud er sint på meg. Kast meg ut av båten.» Dei andre gjorde som han sa. Då blei det heilt stille. Stormen var over.

Men Gud ville ikkje at Jona drukna. Så han sendte ein diger fisk. Fisken slukta Jona.

Jona blei i fisken i tre dagar. Han angra svært. Jona bad til Gud. Gud sa til fisken at han skulle sleppe Jona på land.



Gud sa igjen til Jona: «Gå til Ninive. Sei til dei at dei skal slutte å gjere slemme ting. Viss dei ikkje slutter, kjem det eit stor uhell over dei om 40 dagar.»

Denne gang gjekk Jona til Ninive og fortalde dei det som Gud sa. Menneske i Ninive trudde på Jona. Dei slutta å gjere slemme ting og bad til Gud.

Gud såg at menneske angra og blei snille att. Så han sendte ingen uhell over byen. Gud blei glad att i dei som budde på Ninive.



Tekst & bilete: Manuela Bjoetveit

# LITT OM NYKOSTNAD OG TILTAK I VED ULVIK KYRKJE

**Etter mange års arbeid fekk ein i 2019 Ulvik nytt toalett i kyrkja. Det er i kjellar under sakristiet med trappeheis og elles tilrettelagt med universell utforming.**

Ulvik herad løyvde kr 400.000,- på budsjettet for 2019 til tiltaket. Samstundes søkte Ulvik kyrkjeleg fellesråd Sparebank-stiftinga Hardanger om kr 150.000,- i tilskot. Til vår store glede vart søknaden stetta. Med god planlegging og noko dugnadsarbeid vart kostnaden om lag kr 370.000,-. Etter søknad fekk fellesrådet då høve til å omdisponera restmidlane til andre tiltak.

Under planlegginga av toalettet vart det avdekkja trong for drenering kring grunnmurane under sakristiet. Dette vart sett i gang på nyåret 2020, då andre nykostnadar kunne løysast med omdisponerte midlar. Maskinentreprenør Arne Osa gjorde eit godt arbeid på nyåret med å isolera murane og føra taknedlaup og drenering til kum. For å letta arbeidet med vedlikehald av gravplassen på Brakanes fekk ein og utført ein del planeringsarbeid. Over tid har det på gravplassen vorte fjerna ein del store tre, men stuar og røter har stått att. No vart desse fjerna, og terrenget jamna til med påfylling av jord. Finjamning og såing vert gjorde på dugnad av soknerådsmedlemar og andre gode hjelparar. I kostnaden har ein og lagt inn innkjøp av ein del buskar og tre. Det meste av plantingane på gravplassen er gamle, så no tek ein eit krafttak med fornying. Det er eit mål at gravplassen som ligg midt i sentrum av Ulvik, skal verta vakrane og lettare å stella. Men det er enno fleire saker som må forberast. Kart og oppmåling på Brakanes gravplass er av gamal dato og av dårleg kvalitet. No er det eit mål å få digital oppmåling av gravplassane, og leggja dette inn i eit dataprogram. Soknerådet



Foto: Willemina van Manen.

har fått pris på slik oppmåling, og tinga dette frå firma på Voss. I første omgang berre for Brakanes gravplass. For desse opprustingstiltaka har ein og sent søknad om støtte frå Sparebank-stiftinga Hardanger.

*Knut Nes*

*Leiar i Ulvik sokneråd*

## DUGNAD PÅ KYRKJEGARDEN

**Ulvik sokneråd arrangerte dugnad på kyrkjegarden på Brakanes, tysdag 5. mai.**

Det vert mykje kvister og lauv på ein kyrkjegard der det er mange lauvtre. I tillegg vart nokre holer fylte med jord og sådde i, mosefjerning og nyplantingar vart gjorde. Det møtte heile 15. personar. I coronatider med få felles aktivitetar var det kjekt å finna på noko i lag. Deltakariletet vart litt breitt med tilsvarande små folk, fordi avstandsregelen måtte oppfyllest!



Foto: Steinar I. Bergo

# KJENNER DU TIL «DOOMESDAY PREPPERS»

«Doomesday preppers» er blitt eit internasjonalt uttrykk for folk som førebur seg på verdas undergang, eller Domedag, som uttrykket tyder.

Som mykje anna starta det i USA, men finst no i ulike former over store delar av verda. Desse folka hamstrar våpen og mat, ikkje minst, og førebur seg på undergangen i ei eller anna form. Viss du søker på begrepet på internett, får du veldig mange treff, mest på engelsk naturleg nok, men og mange norskspråklege sider. Sveinung Såkvitne har som kosmopolitt, språkmann og tydelege meiningar, berika oss med tekstar tidlegare. Denne gongen tek han eit oppgjær med «Doomesday preppers».

## «Doomesday preppers» og Bibelen.

I TV-program er det mykje snakk om såkalla «Doomesday preppers». Det er folk som byggjer bomberom under jorda, og lagrar våpen og mat for fleire år frametter. Brukt om slike tiltak, er «Doomesday preppers» eit latterleg uttrykk. Det desse personane bur seg på, er krig og politisk uro. Men når dagen kjem, vil det ikkje bety noko kva generalar og presidentar driv med. For alt det som hender då, vil føregå etter Guds plan. Då vil Gud vekkja opp alle døde; til og med

«havet skal gje tilbake sine døde». Det står skrive, at alle må døy og sidan koma for dommen. Men det står og, at alle som har trudd på Jesus, bedd til han, og kalla han sin Herre og frelsar, ikkje skal koma for dommen, men gå inn til evig liv hjå Gud. Men alle gudlause og dei som har avvist Jesu Kristi frelsesverk, skal koma framfor dommen. Det står i Bibelen, at «i Jesu namn skal kvart kne bøya seg, i himmelen, på jorda, og under jorda, og kvar tunge skal vedkjenna at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære». «Sjå eg kjem snart. Sæl er den som tek vare på dei profetiske orda i denne boka». Denne dagen vil alt som er vondt og negativt bli rydda bort. Det står skrive, at Gud skal skapa ein ny himmel og ei ny jord, der rettferd bur. Men dagen og timen kjenner berre Gud. Det står i Bibelen, at kvar den som påkallar Herrens namn, skal bli frelst. Gjer ein det, vil ein vera budd når dagen kjem, anten ein lever eller ligg i grava. Og like sikkert er det, at lager av mat og våpen vil vera nyttelause den dagen!

*Sveinung Såkvitne*

## KYRKJEVERJE I KRISETID

**Etter ein del samtalar mellom Eidfjord og Ulvik sokneråd, kunne me stolte visa at me hadde bygt ei bru mellom Eidfjord og Ulvik: vårt felles kyrkjeblad «Brubyggjaren».**

Me peika også på at bruer ikkje treng å vera fysiske, men like godt kan vera abstrakte, slik at det fører til betre kontakt og utviklar eit godt samarbeid. Å byggje bruer mellom menneske gjer oss alle brubyggjarar! Sidan 12. mars har alle i Noreg måtte læra seg å byggje bruer, stort sett digitale bruer. Den norske kyrkja har avlyst alle gudstenester inntil vidare. Dåp, bryllaup, og gravferder kan gjennomførast, men ikkje som vanleg. Alvorlige tiltak, men til no går alt på ein ryddig måte. På kyrkjelydskontordøra i Ulvik heng det plakater der det står at kontoret er stengt for besøkande. Å vera den einaste tilsette som jobbar på kyrkjekontoret, har den fordel at kyrkjeverja ikkje treng å ha heimekontor. Møte går via «Teams», og Facebook brukast til å profilera kyrkja. Kvar laurdag kl. 17.00 ringjer kyrkjeklokka i 10 minutt. Men bak den for besøkande stengde døra til kyrkjekontoret, held arbeidet fram som vanleg. Det blir jobba med planar for utbetring av Brakanes gravplass, etablering av barnekrok i kyrkja og alt det andre vanlege går som vanleg. Dersom det er litt tid til overs, vert den brukt til å

gjera papirarkivet digitalt. Kyrkjeverjene i Eidfjord og Ulvik har ein del «digital» kontakt i samaband med kyrkjebladet. Det handlar om tekstleg innhald i kyrkjebladet, økonomi, annonser, medlemspengar, adresselista utanombygds o.s.v. Sjølv sagt er det mykje e-post trafikk mellom kyrkjeverjer og redaktøren vår, Steinar Berge. Det er han som koordinerer og flettar saman alle laustekstar til det kyrkjebladet, som mange les med glede.

Eg er så glad for at me har bygt brua, når me hadde sjansen. Min bodskap er: Bruk tida du får, klokt - og ikkje utset til i morgon det du kan gjera i dag.

*Willemina van Manen, kyrkjeverje i Ulvik*



# KORT OM FRIDOM OG FILOSOFI

**Er menneska frie? Dette spørsmålet har representert eit problem for mange som har stilt det, og det kjem det nok til forsetja å gjera.**

Kva er problemet? Vel, det er mange, og her skal eg berre nemna nokre. Frå ei side kan ein seia at det ikkje gir så god meining å kalla menneska for frie. Iallfall ikkje frie i så veldig stor grad. For vi har ein tendens til å snakka og tenkja slik som dei vi er i nærleiken av, i tillegg til å eta og bevega oss slik dei gjer. Og dette er på ingen måte unaturleg. Slikt heiter oppseding, læring, kulturell tilhøyrslø og så vidare.

På eit vis seier eg no at det er ein motsetnad mellom fridom og det at menneska blir påverka av oppvekst og miljø, og det er ikkje sikkert det er rett av meg å gjera dette. Ein kan seia at god oppseding er eit føremonn for at ungdom skal ta gode, rasjonelle val som vaksne. Likevel er det viktig å få fram at fridomen vår på ingen måte er total.

Sjølv om det kan vera vanskeleg å tru at vi er heilt frie som menneske, er det òg ugreitt å skulle akseptera at vi ikkje har fri vilje når det kjem til moralske val. Ein kan seia at føresetnaden for at vi i det heile tatt kallar noko for eit moralsk val er at vi har fri vilje.

Frå Mosebøkene kjenner vi at Adam og Eva blei drivne ut av Edens hage etter å ha ete av den forbodne frukta; dei var no blitt lik Gud ved at dei kjende «godt og vondt». Ofte blir dette trekt fram som grunnen til at ein allmechtig Gud kan tillata alt det vonde i verda; menneska har valt å gå sin eigen veg og veit sjølve forskjell på godt og vondt, mennesket har fri vilje.

Tanken om fri vilje finn vi hos mange tenkarar, mellom anna den tyske filosofen Immanuel Kant. Innan moralfilosofien er Kant kjend for å sagt følgjande: «Handle bare etter den maksime gjennom hvilken du samtidig kan ville at det skal

bli en allmenn lov». Sagt litt annleis, så bør alle enkeltmenneske ifølge Kant gjera det dei meiner kan bli ein allmenn lov. Altså, viss eg er freista til å stela, køyra fort i bil, snyta på skatten eller noko anna, skal eg spørja meg om eg meiner dette bør blir ein allmenn lov. Viss nei, så skal heller ikkje eg gjera det. Så meiner Kant ikkje berre at vi har ein slags moralsk lov i oss som vi har tilgang til gjennom fornufta, men at denne lova berre gir meining om vi òg har fri vilje.

Det å halde seg til ein lov, å vurdere om ein skal følgja den eller ikkje, betyr jo at vi ikkje blindt følgjer lova. Då kan ein seia at vi nyttar den frie viljen vår.

Sjølv om vi skulle ha fri vilje, betyr ikkje det at dette er alt. For ein ting er å vera klar over at det er veldig farleg å køyra fort i bil og så passa på å halda farten, ein anna ting er å aktivt vurdere dette heile tida. Ein har det med å gløyma seg. Sidan ein så lett kan bli riven med av det kjekke med fartsopplevinga, har vi fartsskilt, politikontrollar, automatiske målingar, og fartsdumpar. Slikt gjeld for svært mange område i kvardagen vår.

*Stein Arnold Hevrøy*



Foto: Privat



## TENESTER ME KAN TILBY PÅ KYRKJEGARDEN

Vorte nytta i Ulvik og Granvin. Tilbod og til Eidfjord.

Kontakt kyrkjekontora for å få detaljar og prisar på mail!

# BRUBYGGJAREN

Frå Odd Hammer, tidlegare leiar i Ulvik sokneråd, har me fått ei fin forteljing. Ho passar godt til det nye bladet, og har ein moral me kan læra noko av. Odd skriv bokmål, og me har valt å presentera teksten på «originalspråket».

## FORDI HAN HATET BROREN SIN BA HAN SNEKKEREN GJØRE DETTE. SÅ BLE HAN OVERRASKET.

Det var en gang to brødre som jobbet på hver sin gård som grenset til hverandre. Brødrene havnet i en konflikt. De hadde drevet gård ved siden av hverandre i 40 år, og dette var den første store ripen. De hadde delt maskiner, vektøy og byttet varer og arbeidskraft helt knirkefritt.

Så falt det lange samarbeidet sammen. Det begynte med en liten misforståelse som vokste til en enorm uenighet. Deretter eksploderte det og endte med mange stygge ord fulgt av uker med stillhet.

En morgen banket det på døra til John. Han åpnet og der fant han en mann med verktøykasse.

«Jeg ser etter et par dager med arbeid» sa han. «Kanskje du har noen småjobber her og der, som jeg kan hjelpe deg med?» «Ja!» sa den eldste broren.

«Jeg har en jobb til deg. Se over bekken, på den gården som er der. Det er min nabo, faktisk så er det min lillebror. I forrige uke var det en eng mellom oss, men så tok han bulldoseren sin og lagde en bekk isteden. Han har nok gjort dette for å trosse meg, men jeg vil gjøre noe enda bedre. Ser du haugen med trelast ved låven? Jeg vil at du skal bygge et gjerde til meg, et som er tre meter høyt. Da slipper jeg å se han og stedet hans. Det bør få ham til å roe seg ned». Snekkeren svarte: «Jeg tror jeg forstår situasjonen. Vis meg hvor du har det jeg trenger, så skal jeg gjøre en jobb du blir fornøyd med!»

Den eldste broren måtte dra til byen for å kjøpe forsyninger, og så hjalp han snekkeren med å finne frem alt av materiale. Deretter forsvant den eldste broren og lot snekkeren jobbe alene. Snekkeren jobbet hele dagen. Han målte, sagde, og hamret. Ved solnedgang kom bonden tilbake, og snekkeren hadde akkurat blitt ferdig med jobben.

Den eldste broren fikk store øyne og hakeslepp, da han så hva snekkeren hadde gjort. Det var ikke noe gjerde der i det hele tatt. Det var en bro - en bro som strakk seg fra den ene siden av bekken til den andre. Et godt stykke arbeid med gelender og all ting.

Så kom den yngste broren, strakk ut hånda si og sa: «Du er litt av en fyr som bygger denne broen etter alt jeg har sagt og gjort».



Foto: Privat

De to brødrene sto på hver sin ende av broen, så møttes de på midten og tok hverandre i hånda.

De snudde seg rundt og så at snekkeren pakket sammen. Han tok tak i verktøykassa og gjorde seg klar til å, gå.

«Nei! Vent! Bli noen dager. Jeg har mange andre prosjekt til deg», sa den eldste broren.

«Jeg skulle gjerne vært her litt til», sa snekkeren. «Men jeg har mange andre broer jeg må bygge!»

- *La oss bygge broer!*

# FINN ROEN I SJELA DI

## – rundt kyrkja og på kyrkjegarden

Sjølv om det ikkje har vore så mykje aktivitet i kyrkja i det sist, har me i staben ikkje vore late. Me har lyst at du kan møte Gud sjølv om kyrkjene er stengde. Me i Eidfjord kyrkje har difor tatt kyrkja ut.

*Tekst: Manuela Bjotveit*

*Bilete: Manuela Bjotveit, Christian Bouvain*

Ta deg ein tur rundt nye kyrkja. Der ventar det ein del postar på deg. Temaet er bøn på forskjellige måtar. Postane passar for heile familien. Etterkvart vil det komma fleire postar.



På ynskjetreet kan du be for alt du har på hjarta ditt. For kvar bøn kan du knyta eit lite garn på treet. Fiskegarnet er takkeveggen vår. Det er mykje me kan vera takknemlege for. Knyt eit lite garn for kvar takk du har, på fiskegarnet vårt.

Rolf Trustein har gøymt ein flokk sauer rundt om i kyrkjehagen. Ta med barna og gå på sauejakt. Kor mange sauer kan de finna? Send svare ditt som e-post til manuela@eidfjordkyrkje.no I slutten av sommarferie skal me trekkje tre vinnarar.



På kyrkjegarden har me òg skapt ein plass der du kan finna roen og la tankane sviva. Du finn rasteplassen på Modnen kyrkjegarden.



Av og til kan det hjelpa med å setje ord på det ein ber rundt med seg. Då er det godt å ha nokon som kan lytta. Manuela Bjotveit kan vera den som lyttar. Manuela er trusopplærar i Eidfjord kyrkje, men er opptatt av at alle aldersgrupper finn plassen sin i kyrkja vår.

Manuela kan gå bønnevandringa vår med deg rundt kyrkja eller sitja med deg på rasteplassen vår på kyrkjegarden. Kom gjerne innom så kan de ta dykk ein tur. I juni og august skal ho jobba tysdag – torsdag kl. 08.30 – 14.00. I juli har ho ferie. Er Manuela ikkje på plass akkurat den dagen du kjem innom, så kan du senda ei melding til 402 16 611 for å avtala ei tid eller prøva neste dag.





# Påskevandring med eselet Imanuel

Tekst & bilete: Manuela Bjotveit



Før påske pleier me å invitere barnehagen og småtrinnet til påskevandring i Eidfjord kyrkje. Dette var ikkje mogeleg i år, men påskevandring blei det likevel.

Eselet Imanuel tok ungane med til Jerusalem. I korte filmar fortalde han påskeevangeliet.



Filmene blei publisert på Facebook @rolftrustein / @eidfjordkyrkje og på Instagram @rolftrustein.

Har du lyst å sjå filmene? Gå inn på heimesida til Eidfjord kyrkje. Der finn du lenker til alle filmene.  
[www.eidfjordkyrkje.no](http://www.eidfjordkyrkje.no)



## Som dagane går...

### Døypte

#### Døypte i Ulvik

Ingen

#### Døypte i Eidfjord

Ingen

### Gravlagde

#### Gravlagde i Ulvik

Madli Opheim, fødd 1924

Thomas Falsen Kron, fødd 1949

Ola Øydvin, fødd 1937

Turid Dybedokken, fødd 1943

#### Gravlagde i Eidfjord

Ingen



Er du **SVOLTEN, TØRST** eller **TRØTT**  
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering | Kafe & Kremmeri  
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt  
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

## Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-  
Kontakt: Ulvik Bygdekvinne lag  
v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



## GRAVFERDSTENESTER

i Ulvik og Granvin

Handel & Handverk - Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer  
hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papirer og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider  
på tlf. 56 52 64 47  
mob. 952 10554 / 952 13375  
priv. 56 52 62 03

## BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik - Tlf. 56 52 65 00

Me tek i mot tingingar  
av blomahelsingar til alle høve,  
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall  
kan me levera  
blomahelsingar til dei pårørende,

*keransar*  
*båredekorasjonar*  
*bårebukettar.*

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss  
pynting og stell av graver.

## GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne  
i samarbeid med

**EIKNER**   
**NATURSTEIN** AS  
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47  
Smith - Granvin - tlf. 952 10 554

**MURMESTER**  
**Nils Gunnar**  
**ØYDVIN AS**  
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



## FJORDTIND HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik  
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale  
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no  
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

**joker**  
– helt i nærheten

BUTIKK1 AS  
5730 Ulvik  
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en  
hyggelig handel

## Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

**Vinsands** VİRKE  
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Maskinentreprenør  
**Arne Osa**

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82  
MOB. 91 10 18 95



**ULVIK BENSIN & SERVICE**  
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89  
Mob. 907 54 533



## Det finst mange små og store draumar på Vestlandet

No lanserer vi **kundeutbytte**, så  
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos  
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar  
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,  
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på [spv.no/kundeutbytte](http://spv.no/kundeutbytte)

 SparebankenVest



## Gudstenesteliste

Førebels vert dette gudstenester UTAN dåp og nattverd.

**ULVIK (GRANVIN)** Granvin og Ulvik har felles prest og konfirmantundervisning i lag.

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
07.06.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste.
14.06.	11:00	Sundag	Granvin kyrkje	Gudsteneste
28.06.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
05.07.	11:00	Sundag	Granvin kyrkje	Gudsteneste
12.07.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
26.07.	11:00	Sundag	Granvin kyrkje	Gudsteneste
02.08.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
09.08.	11:00	Sundag	Granvin kyrkje	Gudsteneste
23.08.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Presentasjonsgudsteneste
28.08.	11:00	Fredag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste
06.09.	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjon

## EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
14.06.	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
28.06.	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
25.07.	18.00	Laurdag	Eidfjord gamle kyrkje	
16.08.	11.00	Sundag	Natursenteret	
03.09.	18.00	Torsdag	Eidfjord kyrkje	Deltakingsgudsteneste for konfirmantane
06.09.	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
20.09.	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
04.10.	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
01.11.	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	

**DET KAN KOMA ENDRINGAR I DEN OPPSETTE GUDSTENESTELISTA OG KARANTENEREGLANE**

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og gåver.

**Ulvik har Vippsnummer: 125390 | Eidfjord har Vippsnummer: 127865**